



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Anne Mette Nerbøberg, 71258528

Vår dato
26.11.2012
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår ref.
2012/80/ANNE/721.0
Dykkar ref.
«REF»

Alle kommunar og Nav-kontor i Møre og Romsdal

Folkehelse og kommunalt rusarbeid - invitasjon til dagskonferanse

«1+1 kan bli meir enn 2!»

Folkehelse og kommunalt rusarbeid i eit heilskapleg perspektiv

Fylkesmannen vil, i samarbeid med KoRus, invitere til dagskonferansar knytt til endringar i kommunalt rusarbeid 9. og 10. januar 2013.

Etter ei fem-årig satsing på rusfeltet vert opptrappingsplanen for rusfeltet avslutta ved utgangen av 2012. Tilskot til kommunalt rusarbeid vert avvikla og går inn som ein del av rammetilskotet til alle kommunane i landet. Midlar til kommunalt rusarbeid vil såleis gå til alle kommunar og det skjer uavhengig av om dei har motteke øyremerka tilskot tidlegare.

Opptrappingsplanen for rusfeltet er ein del av Samhandlingsreforma, som har tydeleg retning om meir satsing på helsefremjande og førebyggande arbeid, jfr Folkehelselova. Kommunalt rusarbeid skal sjåast i lys av dette. Personar med ruslidingar og andre lidingar har like rettar til tenester etter ny helse og omsorgslov. Det kommunale arbeidet innan rusomsorga skal vere ein del det heilskapleg tenestetilbod til innbyggjarane.

KoRus og Fylkesmannen ønskjer å sette fokus på desse endringane i det kommunale rusarbeidet og arrangerer ein konferanse for politisk og administrativ leiing, einingsleiarar, kommuneoverlegar, tilsette i fagfelta rus og psykiatri, samt folkehelsekoordinatorar og tilsette i Frisklivssentralar

Den første konferansen blir i Ålesund 9. januar 2013 kl. 0900 – 1500

Den andre konferansen blir i Kristiansund 10. januar 2013 kl. 0900 – 1500

Konferansane blir identiske og kommunane vel sjølve kor dei vil delta. Fylkesmannen dekkjer kursavgift og lunsj. Reise må kommunane sjølv betale.

Foreløpig program:

- Rusarbeid - status og framtid
- Rusarbeid - ein del av folkehelseperspektivet
- Kommuneplan og rusmiddelpolitisk plan i eit heilskapleg perspektiv
- Kartlegging Folkehelselova § 5

Endelig program er under utarbeiding, og vil bli lagt ut på [Fylkesmannen sine nettsider](#) i uke 49.

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
Seksjonsjef

Anne Mette Nerbøberg
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.